



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

NORWEGIAN SANDSTONE EXPORT AS
Seljestokken
6723 Svelgen

Leikanger, 10.10.2017

Dykkar ref.:
Trond Sleire

Vår ref.(oppgi ved svar):
06/4139
Sakshandsamar:
Gøsta Hagenlund

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Norwegian Sandstone Export AS

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Trond Sleire

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Gøsta Hagenlund

Andre deltakarar frå verksemda:
Knut Moe
Egil Kvingedal

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Norwegian Sandstone Export AS den 05.10.2017. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdekka 2 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Reinseanlegget har for liten effekt
- Verksemda har ikkje fullt ut forsvarleg handtering av farleg avfall

Merknader:

- Verksemda sin normale aktivitet er ikkje fullt ut i samsvar med utsleppsløyvet
- Om tanklagring

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3. Verksemda får også varsel om pålegg om gransking av resipient.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

	Gøsta Hagenlund	Nils Erling Yndesdal
dato	kontrollør	fylkesmiljøvern sjef
10.10.2017	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Flora kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

ureiningslova Ansvarleg eining

Namn: NORWEGIAN SANDSTONE EXPORT AS	
Organisasjonsnr.: 991908722	Eigd av: 984313403
Bransjenr. (NACE-kode): 08.111 - Bryting av stein til bygge- og anleggsvirksomhet	

Kontrollert eining

Namn: Norwegian Sandstone Export AS	Anleggsnr.: 1401.0001.01
Kommune: Flora	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Pukkverk	
Løyve gitt: 10. januar 2006	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Sediment og grunnureining
- Avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Norwegian Sandstone Export AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Norwegian Sandstone Export AS innan **5. februar 2018** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmsfpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Gøsta Hagenlund.

4. Varsel om pålegg om granskingar

Fylkesmannen varslar med dette at vi vurderer å påleggje Norwegian Sandstone Export AS å gjennomføre ei gransking av sjøresipienten. Innan **5. februar 2018** ber vi verksemda å leggje fram eit program for gransking av sjøresipienten (*jf. ureiningslova § 51*). Føremålet med granskinga vil vere å dokumentere tilstanden i resipienten for utslepp som kan kome frå verksemda. Dersom det er sannsynleg at utsleppa har ført til nedslamming, må omfang dokumenterast. Dersom det er grunn til å tru at botndyr- og botnflorasamfunna er påverka negativt, bør granskinga kunne dokumentere endringar og ny tilstand. Etter utbetringar i reinseanlegga, må verksemda gjennomføre ny gransking. Ei enkel gransking av resipienten må gjennomførast jamleg så lenge det er grunn til å tru at aktiviteten kan medføre nedslamming av nærområdet. Verksemda må også dokumentere ved eit tal representative prøver at utsleppet ikkje har miljø- eller helseskadelege stoff/eigenskapar.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25. september 2017. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar er fastsette i ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Norwegian Sandstone Export AS betale eit gebyr på kr 19 400,- for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende

dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til ureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1. Reinseanlegget har for liten effekt

Avvik frå: Utsleppsløyvet datert 10.1.2006 og § 7 i ureiningslova

Kommentarar:

Målingar og observasjonar viser at konsentrasjon av finstoff i vatn som vert sleppt til sjøresipient ligg svært høgt over akseptabelt nivå.

Synfaringa avdekte at utsleppsarrangementet i det øvste bassenget hadde lekkasje slik at effektivt volum vart redusert med 30 – 40 cm. Bassenget såg også ut å vere relativt fullt og det var dermed behov for å verte tømt.

Dei to nedste bassenga var effektive på den måten at dei samla opp finstoff. Vi observerte at minst eit av bassenga var mest fullt, og skulle ha vore tømt. Delar av ureina overflatevatn rann ikkje tilfredsstillande gjennom sedimenteringsbassenget. Utsleppet til sjøleidninga gav eit visuelt sterkt blakka inntrykk, som synest å stadfeste tidlegare målingar om høge konsentrasjonar i avløpsvatnet. I bassenget som tok mot vatn frå første basseng, var det "bobling" av vatn på overflate. Det tyder på at vatnet (i alle høve i nedbørtider) kjem inn i bassenget med høg hastigheit. Dette er uheldig sidan det kan føre til oppvirvling og redusert sedimenteringseffekt.

Synfaringa viste også at overflatevatnet i sjøen var til dels sterkt blakka (det hadde regna kraftig i dagane før tilsynet og på morgonen den 5.10).

Annan observasjon: Under transportbandet var det mange haugar med finstoff (avkast frå transportbandet). Finstoffet låg utsett for erosjon, og det var tydeleg at vassiget ved haugane hadde frakta finstoff til overflata i sjøen. Haugane må fjernast tilstrekkeleg ofte slik at faren for erosjon/overflateureining av vatn vert redusert.

Informasjon

Vilkår 2.1 i løyvet presiserer nokre tekniske dimensjonar reinseanlegga må oppfylle for akseptabel reinsing. Etter at kap. 30 i ureiningsforskrifta tok til å gjelde for mindre knuseverk, er det også klart at dei store steinbrota så langt råd må prøve å ha lågare utsleppskonsentrasjon enn forskrifta sine standard krav. I dagens situasjon er dette truleg ikkje mogeleg å oppnå. Verksemda må arbeide for å effektivisere eksisterande reinseanlegg, halde anlegga betre ved like og vurdere rutinar/auke frekvens på tømninga. Verksemda bør vurdere å endre retning på avrenningsvatnet frå driftstunnel slik at det i størst mogeleg grad renn gjennom øvste sedimenteringsbasseng. Storleiken og tømmeffrekvensar på bassenget bør vurderast. Det er tvil om dei nedste sedimenteringsbassenga har tilstrekkeleg kapasitet, og verksemda bør vurdere både utviding og endring av tilsyns/tømme-rutinar.

Vi stadfestar med dette informasjonen gitt under tilsynet at vi ikkje ser for oss å regulere med spesifikke krav til utforming av reinseanlegg i endra løyve. Verksemda må sjølv vurdere, byggje og drifte anlegga slik at utsleppa til resipient vert så låge som mogleg. Fylkesmannen ventar at forholda kring vassutsleppa er omtalte og vurdert i søknad om endra utsleppsløyve. Søknaden bør vidare omtale kva for realistiske mål de ser dykk for utslepp etter reinsing.

Avvik 2. Verksemda har ikkje fullt ut forsvarleg handtering av farleg avfall

Avvik frå: Avfallsforskrifta §§ 11-5 (oppbevaring), 11-8 (leveringsplikt) og 11-12 (deklarasjon) og ureiningsforskrifta kap. 18 (om lagring av farleg avfall i tank)

Kommentarar:

Lagereiningar for nokre typar farleg avfall mangla (m.a. sprayboksar, lyskjelder, oljeureina masse) og verksemda kunne ikkje dokumentere tilfredsstillande levering eller vise deklarasjon for innlevert slikt avfall dei siste 2 åra.

Lagringseining ute for spillolje var ein liggande oljetank større enn 2 m³. Tanken kan nyttast til føremålet dersom den tilfredsstillar førehandsfastsette akseptkriteriar (m.a. at den er eigna, at den er tett, at ståltjukkeleik er tilfredsstillande, at den har jamleg tilsyn og sjekk av kvalitet og at den er sikra mot uhell/utslepp med eit oppsamlingsarrangement). Verksemda sitt tilsyn og vedlikehald må tilfredsstillast krava i kap. 18 (om tanklagring) i ureiningsforskrifta .

Informasjon

Verksemda har god forståing for korleis dei skal handtere sitt farlege avfall. Mengdene er etter måten små. Merk likevel plikt til oppbevaring, merking og levering av alle typar farleg avfall der årleg mengd overstig 1 kg. Verksemda kan levere visse typar farleg avfall til forhandlar eller i etablerte retursystem, men må likevel syte for tilstrekkeleg dokumentasjon for årleg levering. Dersom avfallet vert levert til godkjent avfallsmottakar, må verksemda sikre at mengd, type og tidspunkt vert dokumentert via det elektroniske deklarasjonssystemet. Dersom avfallet vert levert til forhandlar eller retursystem og det ikkje let seg gjere å deklarerer avfallet, bør de be om kvittering eller tilsvarende dokumentasjon, eller ha ein dokumentert eigenklæring på levert avfall.

8. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1. Verksemda sin normale aktivitet er ikkje fullt ut i samsvar med utsleppsløyvet

Kommentarar:

Utsleppsløyvet er eldre enn 10 år og Fylkesmannen vil erstatte løyvet med nytt løyve med oppdaterte vilkår i samsvar med verksemda sine behov, omsyn til miljøet og i samsvar med endringane i regelverket sidan 2006.

Verksemda er innstilt på å søkje om endringar i vilkåra, og har signalisert at dei ønskjer nye vilkår om driftstider. Vi vil stadfeste informasjonen vi gav under tilsynet at det no ikkje er vanleg at vi regulerer driftstider utan i særlege tilhøve, men set krav om støygrenser som er strengare på kvelds- og eventuell nattetid enn på dagtid. Vi kan også regulere visse aktivitetar, dersom dei er særleg støyande utanom dagtid. Merk likevel at andre styresmakter kan ha regulert driftstider.

Søklar må vurdere, og søkje om endringar når det gjeld mellom anna utslepp av støy, utslepp til luft og vatn og drift av mineralavfallsdeponi (jf. kap. 17 i avfallsforskrifta). Vi vil oppdatere vilkåra i løyvet med dagens generelle formuleringar om krav, og vurdere nærare dei stads spesifikke vilkåra som vi meiner er nødvendige.

Merknad 2. Om tanklagring

Kommentarar: Verksemda har to tankar som er omfatta av reglane om tanklagring (kap. 18 i ureiningsforskrifta). Verksemda må leggje fram for Fylkesmannen rutinar for sikring mot uhell, drift, vedlikehald og overvaking av tilstand.

9. Andre forhold

God kontakt med naboar

Verksemda opplyser å ha oppretta god og jamleg kontakt med naboar etter behov. Fylkesmannen vil gje honnør til NSE for tiltaka og voner kontakten medverkar til best moglege naboforhold og til å sikre verksemda sine omsyn til det ytre miljøet. Vi ber verksemda handtere eventuelle meldingar frå naboar om ytre miljø som moglege uønskete hendingar (interne avvik).

Ryddig og oversiktleg avfallslagring

Verksemda har fått god oversikt og sett av plass til det miljøfarlege avfallet. Det meste av det miljøfarlege avfallet stod under tak, eller var sikra mot nedbør med lokk eller i tank utanfor.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter ureiningslova frå Fylkesmannen datert 10.1.2006

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve

- Innsyn i risikovurderinga
- Innsyn i måleresultat av støvmålingar til luft i 2014
- Innsyn i nokre målingar av SS i avløpsvatnet
- innsyn i overordna dokument om "Driftskontroll av vesentlige miljøaspekter"

11. Informasjon til verksemda

Regelverk og anna som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)